



Terje J Ledahl AS  
Nordnesveien 21  
5005 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/2248 - 18/1027

Saksbehandlar:  
Stian Marøy  
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:  
17.01.2018

## Byggesak Gbnr 77/81 Solheim vestre - referat synfaring

Det vart gjennomført synfaring den 17.01.2018 på eigedomen med fokus på grunnarbeider og terrengtilpassing.

Tilstade var prosjekterande grunnarbeider Terje J. Ledahl , utførande grunnarbeider Entreprenør Bjørn Dale, representantar for tiltakshavar Gaute Helland og Jarle Helland og Radøy kommune v/Stian Marøy og Tonje Epland.

Det vart avklart at tidlegare mottatte rammeløyver for tomt 1-5 blir arkivert utan vidare handsaming. Det blir sendt inn nye komplette rammesøknader for tomt 1-5, med tilhøyrande igangsetjingsløyve for grunnarbeid for tomt 1-5.

Vidare anbefalar kommunen at det i situasjonsplan blir illustrert kote høgdar og plassering av bustad også for tomt 6. Alternativt at tomt 6 vert søkt samstundes.

Situasjonsplan skal vere målsett og utarbeidd i samsvar med rettleiar frå NKF, sjå vedlegg.

Kommunen har informert om at ved nye søknader må situasjonsplan og snitt-teikningar visa både eigedomsgrensa, byggegrense, plassering og høgder på planering, fyllingar og murar, samt skredde på fyllingar.

Vidare må snitt-teikningar visa terrenget vidare ut over eigedomsgrensa for å tydeleggjera heilhets intrykket av tiltaket og overgangen til terreng. Det må også illustrerast gjennom situasjonsplan og snitt plassering av murar og fyllingar mot eigedomane gbnr 77/63 og 77/72. I tillegg må bustadene på gbnr 77/63 og 77/72 visast i situasjonskart og snitt.

Kommunen har informert om at det er viktig at planering med fylling/mur ikkje blir prosjektert som ei hylle i terrenget, men at tiltaket har naturlege overgangar til eksisterande terreng og følgjer naturlege linjer i terrenget. Dette spesielt for tomt 1 og 2, men også øvrige.

Avslutningsvis, etter førespurnad frå prosjekterande, har kommunen anbefalt å bruka digitale verkty for utarbeiding av situasjonsplan og teikningar. Dette då tidlegare mottatte dokumenter har vore av varierende kvalitet.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy  
ingeniør/byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

NKF Krav til situasjonsplan

**Mottakarar:**

|                             |                 |      |        |
|-----------------------------|-----------------|------|--------|
| Bjørn Dale                  | Solend          | 5936 | MANGER |
| Helland Eiendom & Invest AS | Idrettsvegen 3  | 5936 | MANGER |
| Terje J Ledahl AS           | Nordnesveien 21 | 5005 | BERGEN |